



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 30. januar 2025 kl. 15.25

PDF-versjon 30. januar 2025

22.01.2025 nr. 103

Forskrift om skulerute 2025-2026 for grunnskulane, Hå kommune, Rogaland

Heimel: Fastsett av Utval for oppvekst og kultur 22. januar 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1, jf. delegert mynde.

§ 1. Føremål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2025–2026. Elevane har rett og plikt til å møta på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved dei kommunale grunnskulane i Hå kommune skuleåret 2025–2026.

§ 2. Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekka seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Elevane skal ha minimum 190 skuledagar.

Datoar for oppstart og avslutning av skuleåret, og dessutan haustferie veke 41, juleferie, vinterferie veke 9 og påskeferie, er felles for alle skulane.

§ 3. Planleggingsdagar

Planleggingsdagar for skulane blir fastsette i samarbeid med organisasjonane til tilsette. Skulen har seks planleggingsdagar per skuleår. SFO har to planleggingsdagar i løpet av SFO-året (jf. vedtekter for SFO i Hå kommune). Planleggingsdagane i skule og SFO ligg på dagar utanfor dei 190 skuledagane til skuleruta.

På nærare vilkår, og etter at samarbeidsorganet til skulen, elevar og foreldre har fått tilgang til å uttala seg, kan det gjerast justeringar av planleggingsdagar for kvar enkelt skule.

§ 4. Skuleruta 2025–2026

Skulerute for Hå kommune 2025–2026

	<i>Merknader, ferie, fri</i>	<i>Skuledagar</i>
<i>August</i>	Torsdag 14. august er skulestart for elevane	12
<i>September</i>		22
<i>Oktober</i>	Haustrferie veke 41 (Måndag 6. oktober til og med fredag 10. oktober)	18

<i>November</i>	Fri for elevane fredag 14. november	19
<i>Desember</i>	Fredag 19. desember er siste skuledag før jul	15
<i>Januar</i>	Måndag 5. januar er første skuledag etter jul	20
<i>Februar</i>	Vinterferie veke 9 (Måndag 23. februar til og med fredag 27. februar)	15
<i>Mars</i>	Påskeferie veke 14 (Måndag 30. mars til og med tysdag 7. april)	20
<i>April</i>		17
<i>Mai</i>	Fri fredag 1. mai (off. høgtidsdag) Fri Kristi himmelfartsdag torsdag 14. mai Fri for elevane fredag 15. mai Fri 2. pinsedag måndag 25. mai	17
<i>Juni</i>	Fredag 19. juni er siste skuledag for elevane	15
	Sum skuledagar	190

§ 5. Iverksetting og opphør

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2025 og opphøyrer 31. juli 2026.